

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval gjorde slikt framlegg i møte den 05.10.2021:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner tilbodet er tåleg bra dimensjonert utanfor Stor Bergen. Utanfor Stor- Bergen ser ein heller ikkje behov for å samle tilbodet på færre skular. VG3 st.f. må framleis takast ned i antal klassar. Det er meldt at fleire lærebedrifter ikkje har fått lærlingar som venta, då fleire av elevane har valt VG3 st.f. i staden. Dette tyder på at elevar som ikkje ville i lære, har mykje sannsynleg blokkert for elevar som gjerne ville.

I Stor Bergen er tilbodet overdimensjonert, og det er større tal elevar enn bransjen tilbyr læreplassar. Bransjen har eit inntak på vel 20% av dei faglærte som lærlingar, og må seiast å vere god. Elevar som ikkje får læreplass må då tilbys VG3 st.f. og VG3 med fagbrev i skule. Det siste er ikkje ei heldig løysing, sjølv om dei avlegg fagprøve, vil dei ikkje få arbeide som faglært før dei har gått læretida si hjå ein autorisert installatør. Vidare er det mange som tilbys kryssløp til andre fag. Det er neppe det beste for dei fleste sin motivasjon, men likevel betre enn at dei blir gåande utan læreplass.

Nemnda meiner derfor at det var svært uheldig at det blei oppretta endå ei klasse på Askøy vgs, og meiner den må taksat ned att så snart råd. Nemnda viser her også til bransjens særts tydelege innspel i saka, og elles til nemndas tidlegare vedtak i dimensjoneringssaka 2020, samt klassejusteringsaka 2021.

Når det gjeld lokasjon av tilbodet, vil det tolast at tilbodet vert samla på færre skular i Stor Bergen. Dersom det vert aktuelt, bør det skje i dilaaog med nemnda og bransjen.

Avrøysting

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til framlegget frå yrkesopplæringa sitt arbeidsutval. Det vart ikkje røysta over forslag til vedtak.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda meiner tilbodet er tåleg bra dimensjonert utanfor Stor Bergen. Utanfor Stor- Bergen ser ein heller ikkje behov for å samle tilbodet på færre skular. VG3 st.f. må framleis takast ned i antal klassar. Det er meldt at fleire lærebedrifter ikkje har fått lærlingar som venta, då fleire av elevane har valt VG3 st.f. i staden. Dette tyder på at elevar som ikkje ville i lære, har mykje sannsynleg blokkert for elevar som gjerne ville.

I Stor Bergen er tilbodet overdimensjonert, og det er større tal elevar enn bransjen tilbyr læreplassar. Bransjen har eit inntak på vel 20% av dei faglærte som lærlingar, og må seiast å vere god. Elevar som ikkje får læreplass må då tilbys VG3 st.f. og VG3 med fagbrev i skule. Det siste er ikkje ei heldig løysing, sjølv om dei avlegg fagprøve, vil dei ikkje få arbeide som faglært før dei har gått læretida si hjå ein autorisert installatør. Vidare er det mange som tilbys kryssløp til andre fag. Det er neppe det beste for dei fleste sin motivasjon, men likevel betre enn at dei blir gåande utan læreplass.

Nemnda meiner derfor at det var svært uheldig at det blei oppretta endå ei klasse på Askøy vgs, og meiner den må taksat ned att så snart råd. Nemnda viser her også til bransjens særts tydelege innspel i saka, og elles til nemndas tidlegare vedtak i dimensjoneringssaka 2020, samt klassejusteringsaka 2021.

Når det gjeld lokasjon av tilbodet, vil det tolast at tilbodet vert samla på færre skular i Stor Bergen. Dersom det vert aktuelt, bør det skje i dilaaog med nemnda og bransjen.